



Sykkylven kommune

Arkiv: PLANID-15282018002,
FE-141
JurnalpostID: 22/2309
Saksbehandlar: Njell Hoftun
Dato: 02.03.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 14/22	Nærings- og utviklingsutvalet	14.03.2022
PS 20/22	Kommunestyret	04.04.2022

Løypeplan - handsaming av merknadar etter 2. høyring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Sykkylven kommune vedtar Løypeplan for områda kring Nysætervatnet i samsvar med vedlegg til saka.

Eit område ved Storhaugen vert tatt ut av plan, for vidare utgreiing fram mot rullering av kommunedelplan for områda kring Nysetervatnet i 2023. Midlertidig løysing er illustrert i plan.

Nærings- og utviklingsutvalet - 14/22

NU - behandling:

Samfunnsplanleggjar Njell Hoftun orienterte og svara på spørsmål.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

NU - Vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet si tilråding:

Sykkylven kommune vedtar Løypeplan for områda kring Nysætervatnet i samsvar med vedlegg til saka.

Eit område ved Storhaugen vert tatt ut av plan, for vidare utgreiing fram mot rullering av kommunedelplan for områda kring Nysetervatnet i 2023. Midlertidig løysing er illustrert i plan.

Kommunestyret - 20/22

KST - behandling:

Samrøystes vedtak: Som tilrådinga frå Nærings- og utviklingsutvalet.

KST - Vedtak:

Sykkylven kommune vedtar Løypeplan for områda kring Nysætervatnet i samsvar med vedlegg til saka.

Eit område ved Storhaugen vert tatt ut av plan, for vidare utgreiing fram mot rullering av kommunedelplan for områda kring Nysetervatnet i 2023. Midlertidig løysing er illustrert i plan.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Utkast til løypeplan for områda kring Nysætervatnet har vore ute til 2.høyring.

Saksopplysningar

Plandokument vedlagt saka er:

- Planomtale, justert etter 2.høyring
- Plankart som til 2.høyring – justering vert gjort etter politisk handsaming, jamfør forslag til vedtak.

Arbeidet med ein løypeplan kom i gang grunna eit behov for å sikre trasear mot nedbygging, vegkryssingar mm. I gjeldande arealplan for området (Kommunedelplan for områda kring Nysætervatnet, 2014) er løpenettet kun vist som illustrasjon, og er ikkje juridisk bindande.

I tillegg var det ønske om å etablere fleire løypetrasear på nordsida av vatnet, mot Revsdalen, for å spreie ferdselet og skape eit meir variert løypetilbod.

I prosessen har det vore samarbeid med skisenteret, grunneigarar og overordna faginstansar.

Stranda kommune vart invitert med på planarbeidet ved oppstart, men ønska ikkje å delta. Innsamla data gjennom prosessen er brukt for å gi innspel til pågåande reguleringsarbeid i Fausadalen i Stranda kommune. Innspela er samordna med skisenteret, med mål å sjå heile løpenettet i området under eitt.

Etter første høyring fekk planforslaget motsegn til planen på grunn av omsyn til rikmyr (statsforvaltaren) og merknadar knytt til rasfare mm.

Justert planforslag til 2.høyring tok omsyn til merknadane mellom anna ved å redusere løypeomfanget i Revsdalen (rasutsett) og ei presisering av at løypene i størst mogleg grad vert etablert utan terrengeinngrep.

Statsforvaltaren har no trekt si motsegn. Andre faginstansar har heller ikkje merknadar. Ved eventuelle terrengeinngrep skal vanlege reglar om arkeologiske omsyn takast.

Prosessen har ikkje landa ei god løysing ved Storhaugen. Det er ønske frå grunneigarane at berre ei løype skal gå gjennom området, noko som er lagt til grunn i planarbeidet. Det er delte meningar om kva som vil vere den beste løysinga. Avklaring krev detaljprosjektering på eit nivå som går vidare enn denne kommunedelplanen. I og med hovudplanen for fjellet skal rullerast i 2023, og det er naturleg at løypeplanen vert integrert i denne, vert det foreslått at ein arbeider vidare med traseaval ved Storhaugen fram mot hovudrulleringa.

Vurdering

Planen har ingen motsegner eller andre innsepl, og kan godkjennast.

Området kring Storhaugen er ikkje endeleg avklara. Her trengs nærmare vurderingar av trasealternativ gjort på barmark. Dette er eit detaljeringsnivå som går ut over kommuneplannivå, som løypeplanen er. I og med hovudplanen skal rullerast i 2023, vert det vurdert som akseptabelt å ha ei mellombels løysing der ein brukar dagens trase vidare til hovudrullering er gjennomført. I mellomtida må ein då gjere nærmare vurderingar, også økonomiske, på alternative trasear som har vore diskutert så langt.

Problemstillingane skulle sjølv sagt ha vore løyst i denne prosessen, men der vi er nå vil det bety at ein treng ein ny barmarkssesong før ein er i mål. I staden for å utsette planen endå lenger, vert det tilrådd å vedta resten av planen, og utsette eit mindre område. Pr dato er det ikkje fare for nedbygging av nokon av trasealternativa her. Ein må då nytte tida fram til hovurullering til meir detaljerte vurderingar av endeleg løypeval.

Det viktigaste med planen slik den ligg føre er at ein sikrar viktige trasear, at desse no vert gjort jurdisk bindande, og ikkje minst, at ein legg grunnlag for eit utvida løypetilbod på nordsida av Nysætervatnet også. På denne måten spreier ein meir av trafikken, samtidig som ein styrer den meir etter fastlagte trasear.

Planfesting av løyper gir også eit formelt grunnlag å søkje eventuelle tilskot på, om det er behov og moglegheit for det.

Etablering og køyring av løyper må framleis vere eit samarbeid mellom frivillige krefter i skisenteret og grunneigarane. Kommunen bidreg økonomisk til løypearbeidet.

Planen sikrar hovudtrasear. Den hindrar ikkje andre trasear om skisenteret og grunneigarar vert einige om det, så framt det gjeld køyring på snødekt mark utan terrengegrep.

Økonomiske konsekvenser

Ingen direkte økonomiske konsekvensar. Skisenteret og kommunen samarbeider om enkelttiltak for sikring og utbetring av därlege punkt i traseane. Tiltak vert vurdert få sak til sak. Kommunen bidreg med årleg tilskot til løypekøyringa.

Bjørnar Midtbust
kommunedirektør

Bjarte Hovland
einingsleiar tekniske tenester

Vedlegg:

Løypeplan - Plankart 2.høyring

Oversikt merknadar etter 2.høyring

Løypeplan Planomtale og føresegner

Trekking av motsegn - 2. høyring - dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8 - løypeplan for områda kring Nysætervatnet

Fråsegn til løypeplan for områda kring Nysætervatnet - 2. gangs høyring

Merknad til løypeplan for områda kring Nysætervatnet

NVE sin uttale - 2. høyring - Kommunedelplan - Løypeplan - Nysætervatnet

Uttale 2.høyring frå Mattilsynet